

Instruks for rådgjevande organ i Norsk Sau og Geit

Gjeldande frå 01.01.2021

Generelt

Styret i NSG fastset instruks og peikar ut rådgjevande organ som styret og organisasjonen treng for å utøve dei oppgåver som skal løysast. Dette vert gjort med heimel i lovene §11, pkt. h) der det heiter at styret skal: ”oppnemne dei råd og utval som styret meiner er naudsynte. Det skal gjevast instruksar og rammer for arbeidet i råda/utvala og eventuelle budsjett”.

Råda/utvala skal vere rådgjevande organ for styret og kan vere utøvande innanfor rammer gjeve av styret. Funksjonstid er eit år om gongen.

Styret skal fremje saker for råda, eller råda kan sjølv ta initiativ til saker innanfor budsjettmessige godkjende rammer. Oppgåvene skal generelt gå ut på å vurdere alternativ og gje faglege og grunnjevne råd til styret og administrasjonen innafor råda sine kompetanseområde, og verkesetje og gjennomføre arrangement, som er tillagde råda i regi av NSG. Ved avstemming i råda har leiaren dobbeltstemme ved likt stemmetal.

Protokoll frå møter i råda skal føreleggast styret til uttale før dei er endeleg godkjende av rådet. *Saksframstilling skal følgje protokoll til framlegg for styret.*

Råda har eigne budsjett utarbeidd av administrasjonen og godkjend av styret. Råda kan ikkje foreta økonomiske disposisjonar utan godkjenning og i samsvar med godkjende budsjett.

Så langt det let seg gjere skal ein av medlemmane i kvart råd komme frå styret. Leiar og generalsekretær har møterett i råda.

Sekretærfunksjonen

Det ordinære er at administrasjonen ved generalsekretæren stiller sekretærar til rådvelde for råda. Sekretæren skal utføre vanlege sekretærfunksjonar som å førebu saker, møteinnkalling, referat og oppfølging.

Råda kan arbeide med andre spørsmål av interesse, men alle vedtak av prinsipiell karakter eller med økonomiske konsekvensar skal godkjennast av styret.

Råda må følgje dei retningslinene som er fastsette i denne generelle instruksen.

NSG har følgjande rådgjevande organ:

1. Avlsrådet for sau
2. Fagrådet for geit
3. Utmarksrådet
4. Gjeterhundrådet
5. Ull- og klipperådet
6. Team ung i NSG
7. Markedsrådet

1. Avlsrådet for sau

Avlsrådet for sau skal gje råd til styret og initiere faglege spørsmål innan avl, avlsmetodar og fagleg utvikling på sau.

Avlsrådet for sau har 11 medlemmer, alle med personleg vara: Leiar utnemnt av styret i NSG, 1 frå styret, dei 6 leiarane i regionutvala for saueavl, 1 frå Nortura, 1frå Kjøttbransjens Landsforbund og 1 frå IHA/NMBU. Avlsrådet vel sjølve nestleiar blant dei 6 medlemmene frå regionane, som er inndelt slik:

1. Region Øst

Østfold, Akershus, Hedmark og Oppland

2. Region SørØst

Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder

3. Region SørVest

Rogaland

4. Region Vest

Hordaland og Sogn og Fjordane

5. Region Midt

Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag

6. Region Nord

Nordland, Troms og Finnmark

Fylkeslaga i alle regionane med unntak av region SørVest utnemner kvar sin leiar m/vara i kvar sin region, medan Rogaland Sau og Geit åleine utnemner sin representant i region SørVest.

Ved val av regionrepresentantar m/vara har kvart av fylkeslaga like mange stemmer som dei hadde ved siste årsmøte i NSG.

2. Fagrådet for geit

Fagrådet for geit skal gje råd til styret og initiere faglege spørsmål innan avl, avlsmetodar og fagleg utvikling på geit.

Fagrådet for geit har 6 medlemmer; 4 frå NSG, med 2 vara i nummerrekkefølge der styret i NSG oppnemner leiar og nestleiar, 1 frå TINE med personleg vara og 1 frå IHA/NMBU med personleg vara.

3. Utmarksrådet

Utmarksrådet skal kome med innspel på tema som går på beitebruk og utfordringar knytt til utmarksforvaltning.

Utmarksrådet har 4 medlemmer frå NSG og 3 vara i nummerrekkefølge. Styret oppnemner Utmarksrådet.

4. Gjeterhundrådet

Gjeterhundrådet skal gje råd til styret og initiere faglege spørsmål innan avl, opplæring, fagleg utvikling, bruk og nytte av gjetarhund. Det skal lagast framlegg til årlege planar med budsjett, som skal godkjennast av styret.

Gjeterhundrådet har 8 medlemmer, alle frå NSG; Leiar utnemnt av styret i NSG, 1 frå styret i NSG og 6 regionmedlemmer med personleg vara. Gjeterhundrådet vel sjølve nestleiar blant dei 6 medlemmene frå regionane, som er inndelt slik:

1. Region Øst

Østfold, Akershus, Hedmark og Oppland

2. Region SørØst

Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder

3. Region SørVest

Rogaland

4. Region Vest

Hordaland og Sogn og Fjordane

5. Region Midt

Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag

6. Region Nord

Nordland, Troms og Finnmark

Fylkeslaga i alle regionane med unnatak av region SørVest utnemner kvar sin leiar m/vara i kvar sin region, medan Rogaland Sau og Geit åleine utnemner sin representant i region SørVest.

Det vert ikkje stilt noko anna formelt krav enn medlemskap i NSG for rådsmedlemmen og vara frå regionane. Ein går ut frå at valordninga under hjelper på å finna gode representantar til rådet:

- Kwart fylkeslag i NSG foreslår 1 kandidat frå eige fylke til rådet etter innspel frå gjetarhundlag/gjedarhundnemnder og lokallag av Sau og Geit i eige fylke. Rogaland Sau og Geit vel sin representant etter innspel frå Rogaland Gjedarhundlag og lokallaga av Sau og Geit i Rogaland.*
- Fylkeslaga av NSG i regionane presenterer sin representant for kvarandre i eigen region.*
- Fylkeslaga av NSG i regionane vel sin rådsmedlem blant de føreslegne kandidatane i eigen region.*
- I regionane vert regionrepresentanten vald ved at dei einskilde fylkeslaget av NSG har like mange stemmer i dette valet som fylkeslaget hadde ved siste årsmøte i NSG*

5. Ull- og klipperådet

Ull- og klipperådet skal legge til rette for å utdanne instruktørar for saueklipping, halda klippekurs og halda kurs i ull-handsaming over heile landet. Dette skal skje i nært samarbeid mellom instruktørar, marknadssida og fylkes- og lokallaga i NSG.

Klipperådet må koplust inn ved konkurransar på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Ull- og klipperådet har 4 medlemer; 3 frå NSG og 1 frå Animalia, Fagtjenesten for ull.

Styrets representant i Avlsrådet for sau skal vere 1 av medlemene frå NSG. 1 av medlemene frå NSG skal vere leiar for rådet og minst 1 av dei skal vere aktiv klippar.

Det utnemnes 1 vara frå NSG til Ull- og klipperådet.

6. Team ung i NSG

Teamet skal gje innspel til styret og fremja forslag til forbetring på ulike arenaer innfor kommunikasjon og samhandling med medlemmer og andre samarbeidspartar.

Det for å styrke informasjon om NSG sine arbeidsoppgåver og utvikle organisasjonen til å møte framtidens generasjon gjeterhund- og småfehaldare.

Teamet har leiar og 6 medlemmer frå NSG og 2 vara i nummerrekkefølge. Kommunikasjonsrådgjevaren i NSG er leier for teamet. Styret oppnemner Team Ung i NSG.

7. Markedsrådet

Markedsrådet skal arbeide med å kartleggje marknadssituasjonen for småfeprodukt, samt forberede framlegg til tiltak som næringa sjølv kan gjere for å få opp etterspørsel og omsetning.

Rådet har 3 medlemmer og 1 vara frå NSG.